

Til elever og foresatte

Informasjon til elever og foresatte om obligatoriske kartleggingsprøver i regning og lesing for Vg1

Det skal gjennomføres to obligatoriske kartleggingsprøver for alle elever på Vg1 høsten 2011. Du får denne informasjonen fordi du/ditt barn går på Vg1.

Hva er kartleggingsprøver?

Kartleggingsprøver er et verktøy som skal brukes av skolen og lærerne for å identifisere elever som ikke har tilegnet seg nødvendige ferdigheter i lesing og regning fra grunnskolen. Informasjon fra prøvene skal gi skolen og læreren et bedre grunnlag for å iverksette tiltak på et tidlig tidspunkt i videregående opplæring, og å gi disse elevene ekstra oppfølging. Det er utarbeidet veiledningsmateriell til lærerne som beskriver hvordan resultatene fra prøven kan følges opp i klasserommet.

Når skal prøven gjennomføres?

Prøvene skal gjennomføres i løpet av uke 35, 36 og 37 (29. august–16. september). Skolen bestemmer selv hvilken ukedag prøven gjennomføres på. Kartleggingsprøven i regning er en elektronisk prøve, kartleggingsprøven i lesing er på papir. Elever som er borte på prøvedagen, skal få tilbud om å ta prøven senere.

Hva slags oppgaver skal elevene løse?

Kartleggingsprøvene i regning og lesing er prøver i regning og lesing som grunnleggende ferdigheter, og oppgavene er laget på bakgrunn av læreplanene for 10. trinn. Det er altså ikke en prøve i fagene matematikk eller norsk, men i regning og lesing som en integrert ferdighet i alle fag. Noen elever vil klare alle oppgavene, mens andre vil oppleve noen oppgaver som vanskelige.

Hvem får tilgang til resultatene?

Resultatene skal brukes av lærerne og skolen til å legge til rette undervisningen for elever som trenger ekstra oppfølging. Skolen skal gi eleven tilbakemelding på prøveresultatet. Dette kan danne utgangspunkt for en samtale mellom lærere og elever i en tidlig fase av videregående opplæring.

Mer informasjon

Mer informasjon om kartleggingsprøvene finnes på Utdanningsdirektoratets nettside www.udir.no/kartlegging-vgo. Læreplanverket for Kunnskapsløftet finnes på www.udir.no/grep

Skolen er ansvarlig for å gi detaljert informasjon om avviklingen av kartleggingsprøven på din skole.

Med vennlig hilsen
Utdanningsdirektoratet

Til elever og føresette

Informasjon til elever og føresette om obligatoriske kartleggingsprøver i rekning og lesing for Vg1

Det skal gjennomførast to obligatoriske kartleggingsprøver for alle elevane på Vg1 hausten 2011. Du får denne informasjonen fordi du/ditt barn går på Vg1.

Kva er kartleggingsprøver?

Kartleggingsprøver er eit verktøy som skal brukast av skolen og lærarane for å identifisere elever som ikkje har tileigna seg nødvendige ferdigheiter i lesing og rekning frå grunnskolen. Informasjon frå prøvene skal gi skolen og læraren eit betre grunnlag for å setje i verk tiltak på eit tidleg tidspunkt i vidaregåande opplæring, og å gi desse elevane ekstra oppfølging. Det er utarbeidd rettleiingsmateriell til lærarane som beskriv korleis resultatata frå prøva kan følgjast opp i klasserommet.

Når skal prøva gjennomførast?

Prøvene skal gjennomførast i løpet av veke 35, 36 og 37 (29. august–16. september). Skolen bestemmer sjølv kva for vekedag prøva skal gjennomførast på. Kartleggingsprøva i rekning er ei elektronisk prøve, kartleggingsprøva i lesing er på papir. Elevar som er borte på prøvedagen, skal få tilbod om å ta prøva sienare.

Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Kartleggingsprøvene i rekning og lesing er prøver i rekning og lesing som grunnleggjande ferdigheiter, og oppgåvene er laga på bakgrunn av læreplanane for 10. steget. Det er altså ikkje ei prøve i faga matematikk eller norsk, men i rekning og lesing som ei integrert ferdigheit i alle fag. Ein del elever vil klare alle oppgåvene, mens andre vil oppleve nokre oppgåver som vanskelege.

Kven får tilgang til resultatata?

Resultata skal brukast av lærarane og skolen til å leggje til rette undervisninga for elever som treng ekstra oppfølging. Skolen skal gi eleven tilbakemelding på prøveresultatet. Dette kan danne utgangspunkt for ein samtale mellom lærarar og elever i ein tidleg fase av vidaregåande opplæring.

Meir informasjon

Meir informasjon om kartleggingsprøvene står på Utdanningsdirektoratets nettside www.udir.no/kartlegging-vgo. Læreplanverket for Kunnskapsløftet finn ein på www.udir.no/grep

Skolen er ansvarleg for å gi detaljert informasjon om avviklinga av kartleggingsprøva på din skole.

Med vennleg helsing
Utdanningsdirektoratet

